




Det Kongelige kultur- og kirke departement
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO



Vår ref.:
06/14488

Saksbeh.:
RF

Ark.:
C84, &13

Dykkar ref.:

Dato:
30.11.2006

NOU 2006 - 2 STATEN OG DEN NORSKE KIRKE - UTTALE FRÅ SULA KOMMUNE

Eit utvida formannskap fungerte som arbeidsgruppe med mandat å legge fram ei tilråding til det ordinære formannskapet som grunnlag for å handsame høyringsuttalen gjeldande Staten og Den Norske kyrkje.

Sula formannskap handsama saka den 28.11.06.

Fleirtalet, dvs. 6 av 7 medlemmar, gir slik tilråding:

- Den Norske kyrkje bør halde fram som ei grunnlovsfesta Evangelisk Luthersk statskyrkje, forankra gjennom ein demokratisk styringsstruktur i form av ei opa, inkluderande og landsdekkande folkekyrkje.
- Kyrkja skal være fri og politisk uavhengig, sjølv kunne foreta sine tilsettingar og sjølv styre kyrkja i trusspørsmål.
- Ein skal gi kyrkja rom for å skape gode og sterke fagmiljø som, ved sida av å skape ei vital og dynamisk kyrkje, set ein i stand til å utøve ei kvalitativ god leing på alle nivå.
- Kyrkja skal ha eit heilskapeleg ansvar som inkluderer gravferdsforvaltinga.
- Staten si hovudoppgåve skal i all hovudsak vere å finansiere kyrkja, dvs. drift, bygg og anlegg, gjennom avtalte modellar og fordelingar mellom stat og kommune.
- Uavhengig av høyringsutfallet meiner Sula formannskap det er vesentleg at utgreiinga held fram, spesielt er dei økonomiske utfordringane vekta svakt.

Mindretalet på ein ynskjer at staten framleis skal ha tilsettingsrett for bispar og fremma følgjande:

Adresse:
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Telefon:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh: 70 19 19 07
Telefaks: 70 19 91 01

E-post:
postmottak@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro:
6545 05 10011
Skattekonto:
7855 05 15317

Foretaksnr.:
964 980 543

Den Norske kyrkje bør halde fram som ei grunnlovsfesta Evangelisk Luthersk statskyrkje, forankra gjennom ein demokratisk styringsstruktur i form av ei opa, inkluderande og landsdekkande folkekyrkje.


Kyrkja skal ha rom for å skape gode og sterke fagmiljø som, ved sida av å skape ei vital og dynamisk kyrkje, set ein i stand til å utøve ei kvalitativ god leiing på alle nivå.

Kyrkja skal ha eit heilskapeleg ansvar som inkluderer gravferdsforvaltinga.


Staten si hovudoppgåve skal i all hovudsak vere å finansiere kyrkja, dvs. drift, bygg og anlegg, gjennom avtalte modellar og fordelingar mellom stat og kommune.

Uavhengig av høyringsutfallet meiner Sula formannskap det er vesentleg at utgreiinga held fram, spesielt er dei økonomiske utfordringane vekta svakt.

Med helsing



Ronny Blomvik
ordfører



Ragnhild Fiskerstrand
konsulent